

## Åtte sprekingar frå Egersund!

09.08.2009



Dei åtte frå Egersund klære for avreise laurdag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Åtte sprekingar mellom 30 og 60 frå Egersund har hatt Uskedalen som base denne helga og rukke både å kryssa Fonna og bestiga Ulvanåso.**

**Men det var problemfritt, for denne vennegjengen har gjennom åra gjennomført eitt turprogram som verkar nesten utruleg og som kan ta pusten frå nokon kvar.**

**Oktetten er Erik Torgersen, Askild Hagen, Geir Larsen, Pål Sleveland, Kjetil Torgersen, Thomas Hetland, Jørgen Jørgensen og Jan Noralf Myklebust.**



Folgefonna var ei stor oppleving. (Foto: Pål Sleveland)

Her er eit utdrag av merittane deira og ein av dei (Askild på 60) har vore med på alt: Himalaya, Elbrus (Europas høgaste fjell), Kilimanjaro, Aconcagua (høgast i Andesfjella), sykkel Trondheim-Oslo, Birkebeinerløpet, Vasaloppet, Worldloppet i USA og Canada, Norseman Extreme Maraton, Berlin Maraton og mange turar rundt om i Noreg.





Egersund-gjengen på Fonnabu. (Foto: Pål Sleveland)

- Vi tar alltid sikte på å vera på tur første helga i august, fortel Jørgen, som har vore lokalkjend organisator denne helga. Kryssinga av Fonna med overnatting på Fonnabu var ei svært spektakulær oppleving, men gjengen legg til at Nâso-turen var av dei mest spektakulæra dei har vore med på her i landet.

- Det er noko spesielt med eggen der oppe, held Jørgen fram.

Planen var eigentleg at gjengen skulle bestiga både Nâso, Englafjell og Manen laurdag, men det tillet ikkje vertilhøva. Difor konsentrerte dei seg om dei to Nâso-toppene med utgangspunkt ved kalkstasjonen. Dei sprekaste var oppe på ein time og 40 minuttar medan dei ikkje fullt så spreke brukte eitt kvarter meir.

Når egersundarane blir spurde om kva som driv dei til ein så utruleg aktivitet er svara klåre:

- At vi skal halda oss i form!

- Gleda ved å ta seg ut!

Neste august ventar Hardangervidda og gjengen har også Sierra Nevada i Spania på ynskelista.

Og i samband med Uskedalen-besøket vil dei gjerne takka for stor gjestfriheit og for at dei vart så godt mottekne.

Av Ola Matti Mathisen